

# STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2020

## VEST-AGDER UNGDOMSLAG

### **Styret:**

Janet Staddeland – leiar

Gunvor Syvertsen – styremedlem

Audar Solberg – styremedlem

Guro Jeppestøl – 1. varamedlem

Anne-Beate Guldahl – styremedlem

Hillbjørg Tveit – nestleiar

Cesare Sciardi – 2. varamedlem

### **Administrasjon:**

Borghild Løver: Skrivaroppdrag mm. Tor Steinar Fromreide/Siss Ågedal: Kasseraroppdrag.

Kontorstad: Vigelandstua, kontor/møtelokale leigd hjå Lindesnes Ungdomslag

### **Medlemstal:**

31. desember	Totalt	Under 26 år	Over 26 år
2020	1.017	292	725
2019	1.116	358	758
2018	997	296	701
2017	965	296	669
2016	992	295	697
2015	933	295	632
2014	914	302	612
2013	867	276	591
2012	835	247	588
2011	844	242	602
2010	1040	321	719
2009	1133	376	757
2008	1027	306	721
2007	995	293	702
2006	1043	319	724
2005	1057	287	770
2004	900	176	724
2003	821		

Tala er henta frå [www.webmedlem.no](http://www.webmedlem.no) og [hypersys](http://hypersys). Omlegginga til nytt medlemssystem i 2011 (hypersys) gjorde medlemstala noko lågare frå det året.

### **Møte:**

Styret har hatt 5 styremøte på Vigelandstua og 1 møte via Teams. Det siste møterefaratet enda med det 49. punktet på saklista.

### **Årsmøtet:**

Laurdag 21. mars 2020 var det e-post-årsmøte i staden for på Heimtun hjå UL Lyngdølen grunna nedstenginga i høve koronapandemien. Det har aldri vore så stor deltaking på årsmøtet før. Det har heller aldri nokon gong i historia vore så keisamt eit årsmøte. 36 utsendingar frå 22 lokallag og styret på 5 vart totalt 41 røysteføre deltakarar. I tillegg var skrivaren Borghild Løver, fondsstyreleiaren Ole Tom Stokkeland og observatør Svein Jepsen med, dvs. totalt 44 personar. Agder folkemusikk- og folkedansnemnd og valnemnda var representert blant deltakarane.

**Heidersmedlemer:** Våre to heidersmedlemer er Brit Versland og Olav Molland.

**Tal lag:** VAUL har 23 aktive lag jfr. Hypersys.

## Gjennomføring av arbeidsprogram 2020

### Organisasjon og ymse; styret sitt arbeidsområde

#### 1. Tilby utdanning og kurs til (fylkes)tillitsvalde (i samarbeid med nemndene)

##### Gjennomført:

- **Storkurset på Siddishuset i Stavanger, Rogaland 31. -2. feb.:** Arild Mulstad Syvertsen, Borghild Løver og Svein Jepsen.

#### 2. Vere representert på landsrådsmøte, landsmøte, fagseminar, storkurs og andre viktige samlinger (i samarbeid med nemndene)

##### Gjennomført:

- **Frukostmøte med Telemark, Rogaland og Aust-Agder UL søndag 2. feb. i Stavanger:** Borghild Løver møtte.
- **Årsmøte i BURIA (barne- og ungdomsrådet):** Ingen møtte her.
- **Landsmøtet i Noregs Ungdomslag i Oslo 24.-26. april vart utsett til 26. september og gjekk føre seg digitalt grunna koronapandemien:** Anne Beate Guldhall, Cesare Sciardi og Borghild Løver
- **Styremøte i Studieforbundet Kultur og tradisjon Agder 19. november:** Kari Mysen og Tor Steinar Fromreide
- **Landsfestivalen i gamaldans i Fron 22.-26. juli:** AVLYST
- **Nordleikmøte i Kristiansand 2. juni,** der det møtte folk frå Nordleik, arrangementansvarleg i Kr.sand, kulturdirektøren i Kr.sand, og sjefen for Visit Lindesnes mellom anna, i tillegg til VAUL-styret og skrivaren.
- **Nordleikmøte i BUL-salen i Kristiansand 19. aug.:** VAUL-styret, Aust-Agder, BUL-Kr.sand og folk frå andre lag/organisasjonar deltok
- **Teamsmøte i Nordleik-stemna på Sørlandet 9. sept.:** Janet Staddeland, skrivaren, NU-leiaren (Torbjørn Lauen), Edvard Lauen, Torgeir Tønnevold Fiane, Karsten Tønnevold Fiane, Nina Byttingsmyr, Torunn Bjerkem, Inga Lauvdal, Johan Einar Bjerkem og Solveig Brekke Hauknes.
- **Landsrådsmøte via Teams 15. november:** Anne Beate Guldhall og Borghild Løver

##### Ikkje gjennomført:

Årsmøte i L/L Det Norske Teatret i Oslo i april: AVLYST.

#### 3. Sponse til saman 4 personar frå lokallaga på regionale/sentrale kurs (til dømes fagseminar)/utdanningstilbod - med høgst prioritering for dei under 26 år (styret/lokallaga) AVLYST grunna Covid -19.

#### 4. Støtte lag som sender ungar på barnleik det året dette vert tilskipa (kvart fjerde år) AVLYST grunna koronapandemien.

#### 5. Støtte ungdom som vil reise på NU sin sommarleir/folkekulturfestivalen (i samarbeid med lokallaga): AVLYST grunna pandemien.

#### 6. Støtte lag økonomisk som sender folk på storkurs

Gjennomført: 6 stipend à 1000 kr gjekk til laga med dei yngste deltakarane.

#### 7. Støtte lag økonomisk i høve aksjon lokallag og i høve aktivitetstilskot

Gjennomført desse løyvingane:

---

Året 2020 fekk desse laga 3.000 kr kvar: UL Fram, BUL-Kr.sand, Greipstad UL, Lista UL, Kvås UL og Grindheim UL.

**Aksjon lokallag:**

I 2013 fekk Marnardal UL 15.000 kr i 3 år, og Framsteg UL 10.000 kr.  
I 2014 fekk Holum UL 15.000 kr i 3 år og Lista UL 10.000 kr.  
I 2015 fekk Lista UL 15.000 kr i 3 år og Kvina UL 10.000 kr.  
I 2016 fekk Greipstad UL 15.000 kr i 3 år og Søgne UL 10.000 kr.  
I 2017 fekk Marnardal UL 15.000 kr i 3 år og Kvina UL 10.000 kr.  
I 2018 fekk Kvås UL 15.000 kr i 3 år og Hægeland UL 10.000 kr.  
I 2019 fekk Halse UL 15.000 kr i 3 år og Åseral UL 10.000 kr.  
I 2020 fekk Grindheim UL 15.000 kr i 3 år og Hægeland UL 10.000 kr.

**8. Støtte lag økonomisk som ynskjer å skipe til barnestemne**

**Ikkje aktuelt:** Det var ikkje barnestemne i 2020

**9. Gje målretta organisasjonskurs til lokallag**

**Gjennomført:** Skrivaren deltok på møte i UL Lyngdølen i høve Dyrskuesak.

**10. Hjelpe laga som treng det med HMS-arbeid og folkedanskurs (reiseinstruktør)**

**Gjennomført:** Deling av erfaring i særskilte fall.

**11. Halde ved like fylkessamarbeid når det gjeld tilskipping av barnestemne:**

**Ikkje aktuelt:** Det er for lite grunnlag for tradisjonelt barnestemne.

**12. Gje ut 2 utgåver av Unge Agder (i samarbeid med redaksjonsnemnda)**

**Ikkje gjennomført**

**13. Skipe til eitt samrådsmøte/temamøte viss behov for det**

**Ikkje behov for dette i 2020.**

**14. Halde kontakt med lokallaga, mellom anna ved telefonkontakt og post/e-post, møte ++**

**Gjennomført:**

- Telefonkontakt av styret/skrivar
- Utsending av post og e-post
- Delta på dei jubilea og tilskippingane i lokallaga som fylkeslaget vert innbeden til

**15. Skipe til fylkesfinalen i Kven Veit (i samarb. med fjorårets vinnarlag, UL Fram)**

**Gjennomført:** Kven Veit fylkesfinale vart skipa til på ungdomshuset hjå Marnardal UL i Laudal onsdag 17. juni, med 5 påmelde tevlingslag: Marnardal UL, Holum UL, Lindesnes UL, Hægeland UL og BUL-Kr.sand. Spørsmåla var som vanleg laga av Harald Samuelsen, og dei var nett passe i vanskegrad.

**16. Tilby bunadinformasjon til lokallaga**

**Gjennomført:** Bunadkontakt er Dag Olav Hagen.

**17. Knyte kontradanssamlingar/-kurs til eit lokallag**

**Gjennomført:**

Kontradansen er lagt innunder BUL-Kr.sand.

**18. Utarbeide liste over instruktørar og spelemenn rundt om i fylket**

**Delvis gjennomført:** Arbeidet har byrja.

---

**19. Premie på 1000 kr til kvart lokallag som registrerer e-post og/eller mobilnummer på kvar medlem som er vaksen/ungdom.**

**Delvis gjennomført:** Nokre av laga er på god veg til å kome i mål med dette.

**20. Bruke fleire kanalar og måtar til PR og blest, t.d. fjeshoka, film, heimesida mm.**

**Gjennomført:** Fjeshoka vert oppdatert fleire gonger i veka. Heimesida er oppe og går.

**21. Utarbeide folkedansopplegg for SFO/1. Klasse til bruk i Den kulturelle skolesekken**

**Påbyrja:** Olaf Moen, Anne-Beate Guldal og Borghild Løver har hatt eitt planleggingsmøte,

**22. Utarbeide plan/tiltak for å gjere ungdomslaget meir synleg for medlemmer og få til rekruttering.**

**Gjennomført:** Iveland UL er eit krondøme på koss det går an å få medlemmer.

## **Teater; styret sitt arbeidsområde**

**1. Støtte lag økonomisk som sender folk på kurs og amatørteaterfestivalen (i samarbeid med lokallaga)**

**Ikkje aktuelt:** Ingen festival grunna Covid -19.

**2. Vere til stades på premierar i lokallaga (styret/lokallaga)**

**Gjennomført:** Vest-Agder UL var til stades på revypremieren til Lindesnes UL 10. oktober

**3. Informere om støtteordningar og NU sitt teatertilbod**

**Gjennomført:** Lindesnes UL greidde nærast som eit mirakel å få til revy hausten 2020, og fekk 10.000 kr i støtte til mygg mm.

## **Anna arbeid:**

**Langeleikane til VAUL:** Desse er lagra på Vigelandstua, bortsett frå ein, som Olaf Moen låner. Totalt har VAUL 10 langeleikar.

**Felene til VAUL:** Ei fele vert oppbevart på Vig.stua, ei fele er utlånt til Øyvor Guldal. Totalt er det 2 feler.

**Bondeheimenfondet:** Ingen har søkt om lån i 2020.

**Gratis utlån:** VAUL har ein sminkekoffert og høgtalar med mikrofon til gratis utlån for lokallaga. For tida er sminkekofferten hjå Kvås UL.

**Studieforbundet kultur og tradisjon Agder:** Kari Mysen er styremedlem og Tor Steinar Fromreide kasserar.

**Vest-Agder Musikkråd:** Paul Sveinall representerer VAUL her.

**Kontingentutval** vart nedsett på siste landsmøte, og skrivaren i VAUL har vore med i utvalet i 2020.

**Styret i Vest-Agder Ungdomslag**